

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	22/568

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2023	Kraftfondsstyret	PS	02.02.2023
010/2023	Kommunestyret	PS	16.02.2023

## Søknad om støtte til tilbygg til driftsbygning - landbruk - Thomas Børtveit

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Kraftfondet - søknad om tilskot  
Kostnadsoverslag landbruksbygg

#### Dato

07.06.2022  
07.06.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Thomas Børtveit får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort inntil kr. 2.000.000 til omsøkte investeringsføremål – tilbygg til driftsbygning, samt frittstående gjødselkum**
2. **Lånet vert gitt med 5 års avdragsfri periode, og deretter 20 års nedbetalingstid**
3. **Lån skal ha pant i eigedom**
4. **Frist for å nytte lånetilsegn vert sett til den 16.02.2024**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Søknad frå juni 2022 om støtte gjennom kraftfondet til oppføring tilbygg til driftsbygning, samt frittstående gjødselkum, med total kostnad på 6,2 mill.kr. eksklusiv meirverdiavgift.

Kommunen hadde ingen ordning for føremålet, og sett i gong utgreiing etter møte med landbruk juni 22, samt etter drøfting i kraftfondsstyret 29.8.22, og dette arbeidet munna ut i sak, med endeleg vedtak 15.12.22., som gjev grunnlag til oppfølging og handsaming av søknaden no.

#### Uttale

## Vedk. søknad om tilskot gjennom kraftfondet

Viser til søknad om støtte gjennom kraftfondet, og svar frå oss den 24.6.22, samt telefonsamtale 10.jan.23. Ordning er no på plass, jf. vedtak gjort i kommunestyremøte den 15.12.22;

### **KS - 070/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune gjev gunstige lån til bygging av lausdriftsfjøs for storfehold i Masfjorden. Formålet er å behalda mest mogeleg av mjølk- og storfekjøttproduksjonen i kommunen etter lausdriftskravet for storfe trer i kraft i 2034. Det vert sett følgjande vilkår for lån :**

- Lånebeløp avgrensa til 20 % av godkjent kostnadsoverslag mellom kr 5 – 8,5 mill. og 40 % av beløp over kr 8,5 mill. Maksimalt lånebeløp kr 2.000.000
- Avdragsfritt 5 år, dernest 20 år nedbetalingstid.

**Det vert avsett 4 mill.kr. til føremålet av saldo kraftfondet, øyremerkert bygging av lausdriftsfjøs for storfe.**

**Lån vert finansiert med midlar frå Kraftfondet. Ordninga vert evaluert i 2027.**

Å tilby gunstige lån (renta for utlån kraftfond skal fylgja Husbanken si lågaste flytande rente) på inntil kr 2.000.000, 5 år avdragsfritt med påfølgjande 20 år nedbetalingstid vil vera eit godt verkemiddel for å stimulera til bygging av nye lausdriftsfjøsar for storfehold i Masfjorden. Dette vil sikre arbeidsplassar innan landbruket og eit stelt kulturlandskap.

### **Fakta**

Viser til søknad med vedlegg, som følgjer med saka

### **Vurdering**

Søknad er i tråd med grunnlaget for saka og ordning «Lån frå kraftfondet for bygging av lausdriftsfjøs for storfe». Tilrår søknaden vert innfridd og med maks støtte/lån.

### **Konklusjon**

Med bakgrunn i søknad og dokumentasjon, samt vedteken ordning jf. kommunestyrevedtak den 15.12.2022, sak 70/22, får Thomas Børtveit tilbod om lån gjennom kraftfondet med stort inntil kr. 2.000.000 til omsøkte investeringsføremaal – tilbygg til driftsbygning, samt frittstående gjødselkum. I tråd med ordninga vert lånet gjeve med 5 års avdragsfri periode, og deretter 20 års nedbetalingstid. Lån skal ha pant i eigedom og frist for å nytte lånetilsegn vert sett til den 16.02.2024.

### **Kraftfondsstyret - 004/2023**

#### **KRFT - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **KRFT - vedtak:**

1. **Thomas Børtveit får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort inntil kr. 2.000.000 til omsøkte investeringsfremål – tilbygg til driftsbygning, samt frittstående gjødselkum**
2. **Lånet vert gitt med 5 års avdragsfri periode, og deretter 20 års nedbetalingstid**
3. **Lån skal ha pant i eidegom**
4. **Frist for å nytte lånetilsegn vert sett til den 16.02.2024**

#### **Kommunestyret - 010/2023**

#### **KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

1. **Thomas Børtveit får tilbud om lån gjennom kraftfondet med stort inntil kr. 2.000.000 til omsøkte investeringsfremål – tilbygg til driftsbygning, samt frittstående gjødselkum**
2. **Lånet vert gitt med 5 års avdragsfri periode, og deretter 20 års nedbetalingstid**
3. **Lån skal ha pant i eidegom**
4. **Frist for å nytte lånetilsegn vert sett til den 16.02.2024**